

Minus 15 og ein halvmeter snø i dalen

25.12.2010



Per Bruvold frå Bergen opna skisesongen ved Fjellandsbøvatnet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har kome ein halvmeter snø øverst i dalen og der vart det notert 15 minusgrader julenatta og 13 i ettermiddag. Nede ved fjorden har det stoppa på 6 grader i dag. Førebels må difor konklusjonen bli at det er ei skikkeleg, ekte jul på gang også på våre kantar - vermessig sett!

Men dei som har håpa på ein skeisetur på Fjellandsbøvatnet har vorte skuffa på grunn av det store snøfallet på den opprinnelige så fine isen. No er snømengda truleg for stor til at det er overkommeleg å setta igang brøyting.

Difor blir ein utveg å spenna på seg skiene i staden,
og det hadde fleire gjort i ettermiddag.
Skiføret var fint sjølv om det var litt i kaldaste laget.
Det konstaterte mellom andre Per
Bruvold frå Bergen, som nyt naturen vår etter å ha
kjøpt fritidshus på Ytre Eik i Uskedalen for stutt tid
sidan.

Andre satsa på ein rusletur innover den svært godt brøyta
vegen. Det gjorde familiane Mathiesen, Naasen Karlsberg og
Hellesnes.

Atter andre hadde plukka fram trugene - slett inga därleg
løysing under dei noverande føretihøva.

Også på jordene nede i bygda var det skiaktivitet å sjå allereie tidleg i
dag - tildels i nybrøyta løyper.

Held det fram slik kan vi sjå imot ein skivinter av fjarårskaliber!

Av Ola Matti Mathisen



Familiane Mathiesen, Naasen Karlsberg og Hellesnes satsa på ein rusletur. (Foto: Ola Matti Mathisen)